

---

Saksnr: 2020/40803-2  
Saksbehandlar: Per Willy Mørk Karlsen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		03.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

## Høyring - Framlegg til endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuleforskrifta)

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslag til endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning, - med dei tilrådingane som går fram av saksframlegget.

### Samandrag

Saka gjeld framlegg til endringar i fagskulelova av 8. juni 2018 og fagskuleforskrifta av 11. juni 2019. Kunnskapsdepartementet (departementet) har sendt framlegga på høyring med frist for høyringsuttale 27. november 2020.

Lov og forskrift knytt til fagskulane vart 2018 og 2019 underlagt monalege endringar som definerte fagskulen som ei høgare yrkesfagleg utdanning basert på studiepoeng. Framlegga til endringar er i denne omgang meir ei utbygging og presisering av regelverket og omhandlar fagskuleutdanningas kunnskapsgrunnlag og omfang, opptaket ved kunstfagskulane, reaksjonar ved bruk av falsk dokumentasjon, bruk av barneomsorgsattest / politiattest.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør avdeling for opplæring  
og kompetanse

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Høyringsnotat frå Kunnskapsdepartementet - Framlegg til endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuleforskrifta)

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld framlegg til endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) av 8. juni 2018 og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuleforskrifta) av 11. juni 2019. Kunnskapsdepartementet (departementet) har sendt framlegga på høyring med frist for høyringsuttale 27. november 2020.

Lov og forskrift knytt til fagskulane vart 2018 og 2019 underlagt monalege endringar som definerte fagskulen som ei høgare yrkesfagleg utdanning basert på studiepoeng. Framlegga til endringar er i denne omgang meir ei utbygging og presisering av regelverket i høve til fagskulens arbeidsfelt og kvalitetssikring.

Framlegget til endringar omfattar områda:

1. Krav til fagskuleutdanningas kunnskapsgrunnlag
2. Fagskuleutdanningas omfang
3. Opptak til kunstfagleg fagskuleutdanning
4. Bruk av falsk dokumentasjon ved opptak eller under utdanninga
5. Politiattest
6. Økonomiske og administrative konsekvensar

### 1. Krav til fagskuleutdanningas kunnskapsgrunnlag

I arbeidet med ny fagskule lov i 2017 fekk Kunnskapsdepartementet fleire innspel på at føremålsparagrafen både måtte gje ein klarare definisjon av kva som var fagskulens eigenart og ei presisering av grensene for kva type studietilbod som kunne verta akkreditert som fagskuleutdanning.

I det føreliggande framlegget til endring av fagskulelovas § 4, føremålsparagrafen, har departementet presisert utdanningas kunnskapsgrunnlag, eigenart og tilknytninga til arbeidslivet. Departementets forslag. Endringar og ny ordlyd i bold:

#### Fagskulelova § 4 **Grunnleggende krav til fagskuleutdanning**

Fagskuleutdanning er høyere yrkesfaglig utdanning **som** ligger på nivå over videregående opplæring. Fagskuleutdanning **skal gi** kompetanse som kan tas i bruk **for å løse oppgaver** i arbeidslivet uten ytterligere opplæringstiltak.

**Fagskuleutdanning skal være praksisnær og imøtekomme behovet for kvalifisert arbeidskraft i samfunnet.**

**Fagskuleutdanning skal bygge på og være i samsvar med relevante yrkesfaglige, kunstfaglige, etiske, vitenskapelige og pedagogiske prinsipper.**

#### Fylkesrådmannens tilråding

Fylkesrådmannen vil peika på departementets omfattande vurdering m.o.t plassering av fagskulen over det vidaregåande opplæring, krav om praksisnærleik i studietilboda og krav til kvalitet og oppdatert fagleg kompetanse i desse tilboda. Fylkesrådmannen sluttar seg til framlegget som inneber ei klar presisering av fagskulens posisjon og leveranse i høve til yrkesfagleg utdanning.

### 2. Fagskuleutdanningas omfang

Fagskulane kan i dag gje studietilbod ned til eit halvt år, full tid, tilsvarande 30 studiepoeng, jf fagskulelova § 4 mm. Ot.prp nr 31 (2002 - 2003) viste til at tilbod av mindre omfang ville kunne svekka fagskulane sitt omdømme. Det heiter at utdanningstilbod bør ha eit visst omfang for å verta kalla ei utdanning. Fagskulelova skulle ikkje omfatta kursverksemd.

I det føreliggande framlegget til revidert fagskulelov viser departementet til Markussen-utvalet som i sin NOU 2019 tar til orde for at noverande krav til minstelengde, er eit hinder for å oppretta fagskuletilbod som arbeidslivet har behov for. Vidare; at kortare fagskuletilbod vil vera meir attraktive for søkarar frå arbeidslivet og dermed vil stimulera søknaden til fagskulane, jf NOU 2019: 12 «Lærekraftig utvikling - Livslang læring for omstilling og konkurranseevne».

Departementet peiker på at fagskulane har monaleg erfaring med kortare studieeiningar.

Noverande regelverk opnar for mindre studieeiningar i form av ulike fagemne, modular og ulike forsøksordningar, td bransjeprogramma i samarbeid med arbeidslivet. Dette er stort sett tilbod som kjem i tillegg til fagskulens formelle studietilbod, og som dermed normalt ikkje er forankra i

vitnemål, men gjev studenten ein karakterutskrift. Dei kortare modulane i bransjeprogramma er derimot basert på dispensasjon frå departementet og gjev vitnemål. I sitt framlegg til revidert fagskulelov deler departementet Markussen-utvalet sine synspunkt, men understrekar samstundes at mindre studieeiningar ikkje må føra til redusert fagleg kvalitet. Departementet har som føresetnad at innføring av mindre studieeiningar som del av fagskulens studietilbod, må vera underlagt same akkrediterings- og kvalitetsordning som noverande tilbod frå fagskulen, forvalta av NOKUT. Ut frå denne føresetnaden, vel departementet heller ikkje å ha ei nedre grense for omfanget av studieeiningane for soleis å gje best mogeleg rom for å tilpassa opplæringa til arbeidslivets ulike kompetansebehov. Departementet foreslår å løfta ut noverande § 4 - 2. ledd om fagskulens innhald og omfang i ein ny § 4a. Endringar og ny ordlyd i bold:

#### **Fagskulelova § 4a Krav til fagskoleutdanningens innhald og omfang**

Fagskoleutdanning skal ha et innhald og omfang som tilsvarer **inntil to** års utdanning på fulltid. Departementet kan, etter søknad fra styret for fagskulen, vedta at det kan gis fagskoleutdanning som i innhald og omfang tilsvarer **inntil tre** års utdanning på fulltid. Departementet kan gi forskrift om krav til innhald og omfang for treårige fagskoleutdanningar.

**For å kunne tilby utdanningar på mindre enn et halvt års omfang må fagskulen ha uteksaminert kandidater i minst én fagskoleutdanning på 60 studiepoeng eller mer, i minst to år**

#### Fylkesrådmannens tilråding

Fylkesrådmannen vil peika på at i den grad fagskulane får heimel til å tilby mindre studieeiningar som del av skulens samla studietilbod, vil dette klart styrka både fagskulanes evne til å svara på behova for kompetanse i arbeidslivet og samstundes stimulera søknaden til skulane. Fylkesrådmannen vil elles rå til at utdanningar som er kortare enn 30 studiepoeng skal vera knytt til dei akkrediterte utdanningane eller fagområde som den einskilde fagskulen rår over. Fylkesrådmannen meiner det er vesentleg at også dei korte utdanningstilboda soleis vert vel forankra i den einskilde fagskules fag- og læringsmiljø. I samband med departementets vurdering av dei korte studieeiningane opp mot fagskulens plassering i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), vil fylkesrådmannen på generelt grunnlag halda fram ynsket om å løfta fagskulens plassering i NKR opp til nivå 6, - same nivå som høgskulekandidat og bachelorgrad og i tråd med tilrådinga frå Nasjonalt Fagskoleråds ved revisjonen av fagskulelova i 2018, jf 1) departementets framlagte høyringsnotat, kap 3.3.4.2, jf 2) Nasjonalt fagskoleråd: Lovfesting av fagskoler som høyere yrkesfaglig utdanning, 16.03.2018. Fylkesrådmannen vil få peika på at ei heving av fagskoleutdanningane sitt nivå i NKR må vil vera tenleg i høve til dei maritime leiarutdanningane og for å styrka utviklinga av yrkesvegen fram til høgskule- / bachelornivå.

### 3. Opptak til kunstfagleg fagskoleutdanning

Dei kunstfaglege fagskulane har jamt over stor søknad og har eit høgt tal unge søkarar i alder 18-23 år. Meir enn halvparten av søkarane til dei estetiske faga var i år i denne aldersgruppa. Hovudregelen for opptak til fagskulen er elles fullført og bestått vidaregåande opplæring, eventuelt med tilsvarande realkompetanse frå det året søkaren fyller 23 år. For kunstfagskulane er grensa for opptak ved realkompetansevurdering satt til 19 år og i tillegg bestått opptaksprøve, jf fagskulelova §16.

Departementet meiner at denne regelen har fått eit meir avgrensa bruksområde enn det som var intensjonen ved revisjonen av lova i 2018. Ein viser til at yngre søkarar har svake føresetnader til å greia realkompetansekrava til fullført vidaregåande opplæring. Dette gjer at dei kunstfaglege fagskulane mister delar av rekrutteringsgrunnlaget sitt, - går glipp av søkarar med stort kunstfagleg potensiale,- samstundes som det for einskilde kunststudie er ein fordel å starta i ung alder. Departementet viser til at det i opptak til høgare utdanning i kunstfag er gjort unntak frå kravet om generell studiekompetanse, jf forskrift om opptak til høgare utdanning § 3-6. Vidare at Kyrkje- utdannings- og forskingskomiteen har tilrådd tilsvarande unntak for opptak ved fagskulane, jf Innst 254 S (2017 - 2017) avsn «Opptak til kunstfag». Departementet går soleis inn for å innføra ein unntaksregel for opptak til kunstfaglege fagskoleutdanningar som tilsvarande regel for opptak til høgare utdanning. Endringar og ny ordlyd i bold:

#### **Fagskulelova § 16 Opptak**

Opptaksgrunnlaget til fagskoleutdanning er fullført og bestått vidaregåande opplæring. **Søkere som er 23 år eller eldre i opptaksåret, kan tas opp på grunnlag av tilsvarande realkompetanse.** (Vert flytta opp frå andre ledd)

Kunstfaglige fagskoleutdanninger kan etter søknad ta opp søkere som fyller spesielle faglige krav bestemt av fagskolen på grunnlag av opptaksprøve, hvis søkerne er 19 år eller eldre i opptaksåret. Departementet kan gi forskrift om krav som må oppfylles for at en utdanning skal kunne omfattes av unntaket, og en øvre grense for hvor mange som kan tas opp gjennom bruk av unntaksordningen over en bestemt periode. Departementet skal i forskrift liste opp hvilke kunstfaglige utdanninger som etter søknad er omfattet av unntaket.

#### Fylkesrådmannens tilråding

Fylkesrådmannen seier seg samd i framlegget til endring i opptaksreglane ved dei kunstfaglege fagskulane som i all hovudsak er tilpassa søkarmassen og denne gruppa fagskular sin eigenart.

#### 4. Bruk av falsk dokumentasjon ved opptak eller under utdanninga

Departementet viser til førespurnadar frå fagskular og Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning og forskning (Unit) om kva som er rett handtering av saker, der søkar har brukt falsk dokumentasjon ved opptak.

Departementet peikar på at eksisterande regelverk for fagskulen ikkje regulerer desse forholda tilstrekkeleg og heller ikkje har reglar for å melda bruk av falsk dokumentasjon, jf fagskulelova § 24 - 25.

Departementet viser til at bruk av falske dokument er straffbart etter straffelovas § 361. Ein viser vidare til at universitets og høgskulelova har klare vedtekter ved bruk av falsk dokumentasjon og bruk av dokumentasjon utferda av falske institusjonar, jf universitets- og høgskulelova § 3 - 7 med forskrift. Departementet ser det som uheldig at lovverka for fagskule og høgskule / universitet regulerer forholda ulikt all den tid problemstillingane er dei same.

Departementet foreslår å ta inn i fagskulelova § 16 tilsvarande reglar som i universitets og høgskulelova § 3 - 7 ved bruk av falske vitnemål og anna falsk dokumentasjon. Departementet vil i forskrifta gje utfyllande reglar for kva som er å rekna for falsk dokumentasjon. Departementet foreslår vidare at fagskulane, Unit og NOKUT får ei plikt til å melda søkar ved bruk av falsk dokumentasjon iht fagskulelova § 7 og § 24. Elles følgjer regelverk om inndraging av dokumentasjon, karantenetid og klageinstans.

Departementets forslag. Endringar og ny ordlyd i bold:

Fagskulelova § 16 Opptak, nye femte til sjuande ledd:

**Bruk av falske vitnemål eller andre falske dokumenter er forbudt. Tilsvarande gjelder for dokumenter utstedt fra falske institusjoner. Departementet gir i forskrift utfyllende bestemmelser om hva som anses som falske vitnemål, falske dokumenter og dokumenter utstedt fra falske institusjoner etter denne bestemmelsen.**

**Dersom en fagskole eller Unit oppdager at en søker har levert falske vitnemål eller andre falske dokumenter eller dokumenter utstedt fra falske institusjoner i forbindelse med opptak til utdanning, skal forholdet anmeldes til politiet.**

**Den som har søkt opptak til utdanning ved bruk av falske vitnemål andre falske dokumenter eller dokumenter utstedt fra falske institusjoner, vil få nevnte papirer inndratt og vil ikke gis opptak til utdanning i inntil ett år. Vedtak om inndragning og vedtak om karantenetid etter denne bestemmelsen treffes av styret selv eller institusjonens klagenemnd med to tredels flertall. Departementet eller særskilt klageorgan oppnevnt av departementet, jf. § 20 femte ledd, er klageinstans.**

Fagskuleforskrifta ny § 6a Falske vitnemål og dokument

**(1) Et vitnemål eller dokument er falskt dersom det inneholder skriftlig eller digital dokumentasjon som ikke er sannferdig, eller dersom innholdet i et opprinnelig, skriftlig eller digitalt, vitnemål eller dokument er manipulert eller endret.**

**(2) Med dokument utferdiget av falske utdanningsinstitusjoner menes dokument som er utferdighet av ikke-eksisterende utdanningsinstitusjoner eller av utdanningsinstitusjoner som gir uriktig uttrykk for å ha akkreditering etter fagskuleloven § 5 eller tilsvarende utenlandsk regelverk.**

Fagskulelova § 7 Kvalifisering for opptak, nytt 2. ledd

**Dersom NOKUT oppdager at en søker har levert falske vitnemål, andre falske dokumenter eller dokumenter utstedt fra falske institusjoner, skal forholdet anmeldes til politiet.**

Fagskulelova § 24 Annullering av eksamen eller prøve, nytt 7. ledd

**Dersom fagskolen oppdager at en søker eller student har levert falske vitnemål, andre falske dokumenter eller dokumenter utstedt av falske institusjoner, jf. første og tredje ledd, skal de anmelde forholdet til politiet.**

### Fylkesrådmannens tilråding

Fylkesrådmannen seier seg samd i framlegget frå departementet om å utvikla og styrka fagskulelova knytt til bruk av falsk dokumentasjon og samstundes harmonisera fagskulens regelverk med tilsvarande regelverk gjeldande for høgskule og universitet.

## 5. Politiattest

Departementet viser til ein rapport frå ei interdepartemental arbeidsgruppe som gjennomførte ei omfattande vurdering av behovet for å krevja politiattest frå personar som gjennom jobb, frivillige verv ol har kontakt med mindreårige, jf rapport: Politiattest for personer som er i kontakt med mindreårige, 28.01.2019. Arbeidsgruppa konkluderte med at krav om barneomsorgsattest må heimlast i alt lovverk som er knytt til nemnde oppgåver og ansvarsforhold overfor barn.

Departementet viser til at fagskulen i dag har regelverk som gjer at skulen kan krevja politiattest frå studentar som deltar i praksis-studie eller klinisk undervisning knytt til barn, jf fagskulelova § 27. I fagskuleforskrifta er det også tatt inn reglar for krav til politiattest og handtering av ulike forhold tillagt denne attesten, jf fagskuleforskrifta kap. 4.

Departementet ønskjer i tråd med tilrådinga frå den interdepartementale arbeidsgruppa å gjera det til ei plikt for fagskulane å innhenta barneomsorgsattest / politiattest, dvs. at lova går frå ei «kan-formulering» til ei «skal-formulering». Departementet underbygger sitt framlegg dels med å peika på det formelle, dvs at når krav om politiattest vert obligatorisk, påfører det fagskulane ei plikt til å innhenta slik attest,- og dels ved det særskilte forholdet å ha barn som arbeidsområde og dei store følgjene som oppstår ved misbruk av ansvar og tillit. Departementet ser dessutan eit behov for å rydda i fagskulens eksisterande lov og forskrift på området.

Departementets forslag. Endringar og ny ordlyd i bold:

### § 27 Krav om politiattest

I utdanninger der studenter **som en del av klinisk undervisning eller praksisstudier skal utføre oppgaver som er betinget av eller etablerer et tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige, skal studentene legge** frem politiattest som nevnt i politiregisterloven § 39 første ledd. Fagskolen kan kreve politiattest ved opptak eller underveis i slike utdanninger.

Hvis det er gitt særlige regler om politiattest for bestemte typer arbeid, gjelder disse reglene tilsvarende for studenter som deltar i praksisstudier eller klinisk undervisning.

**Den som ikke fremlegger politiattest i henhold til reglene i denne bestemmelsen og fagskoleforskriften kapittel 4, har ikke rett til å delta i klinisk undervisning eller praksisopplæring. Det kan gjøres unntak fra dette dersom årsaken til at søkeren eller studenten ikke fremlegger politiattest ligger utenfor vedkommendes kontroll.**

**Studenter som ikke kan delta i obligatorisk i praksisopplæring eller klinisk undervisning etter denne bestemmelsen, får ikke vitnemål for fullført grad eller utdanning.**

En student som er dømt eller har vedtatt et forelegg for et straffbart forhold som omtalt i politiregisterloven § 39 første ledd eller i regler om krav til politiattester som nevnt i annet ledd, kan utestenges fra praksisstudier eller klinisk undervisning. Studenten kan bare utestenges hvis deltakelse i praksisstudier eller klinisk undervisning må regnes som uforsvarlig på grunn av den kontakten studenten da får med mennesker. (Overført fra forskriftens §24)

En student som er siktet eller tiltalt for et straffbart forhold som omtalt i politiregisterloven § 39 første ledd eller i regler om krav til politiattester som nevnt i annet ledd, kan utestenges fra praksisstudier eller klinisk undervisning inntil en rettskraftig dom foreligger, eller til saken er henlagt. Studenten kan bare utestenges hvis deltakelse i praksisstudier eller klinisk undervisning må regnes som uforsvarlig på grunn av den kontakten studenten da får med mennesker. (Overført fra forskriftens §25)

Styret avgjør om en student skal utestenges fra klinisk undervisning eller praksisstudier. Vedtaket skal fattes på grunnlag av uttalelse fra fagskolen. Et vedtak om å utestenge en student etter denne paragrafen skal fattes med minst to tredels flertall.

En student kan klage på et vedtak om utestenging etter denne bestemmelsen. Departementet eller det nasjonale klageorganet for fagskoleutdanning er klageinstans, jf. § 20 femte ledd.

Departementet kan gi forskrift om saksbehandlingen i saker om **innhenting og behandling av politiattest**

#### Fylkesrådmannens tilråding

Fylkesrådmannen seier seg samd i framlegget frå departementet om å endra lova slik at denne sikrar innhenting av politiattest i studie- og praksisforhold som omhandlar barn. Fylkesrådmannen støttar også den formelle ryddinga i regelverket som gjer at reglane knytt til handsaming av forhold knytt til mangelfulle attestar, vert flytta frå forskrift og lagt til lovparagrafen som regulerer forholdet.

### 6. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet er på det reine med at dei nye studieeiningane, mindre enn eit halvt år, vil føra til meirarbeid både for fagskulane og NOKUT i handtering av søknadar og akkreditering.

Departementet slår fast at fagskulane og NOKUT må finna dekning innafor respektive budsjetttrammer.

Departementet ser også at det obligatoriske kravet om politiattestar kan påføra studentane noko ekstra kostnader, til liks med fagskulane som må leggja ressursar inn arbeidet med informasjon om kravet til politiattest og handsaming av attestane. Departementet viser til desse kostnadane som marginale.

Departementet vurderer at endringane i lov og forskrift elles ikkje vil ha nemneverdige administrative eller økonomiske konsekvensar for fagskulesektoren.

#### Fylkesrådmannens tilråding

Fylkesrådmannen vil på generelt grunnlag oppmoda departementet om å styrka finansieringa av fagskulane slik at denne heldt tritt med auka oppgåver og kostnader i sektoren, - og om å ta i bruk differensierte satsar for dei ulike studia. Dei offentlege fagskulane har stort sett alle dei tyngre maritime og industritekniske studietilboda som drar betydelege kostnader i investering og drift. Noverande tilskotsnivå saman med flat tilskotssats uavhengig type studietilbod rammar utviklinga av dei tekniske fagskulane som igjen vert avhengige av ekstra fylkeskommunale løyvingar i ein elles hardt pressa kommuneøkonomi.

#### Vedtakskompetanse

Det er fylkesutvalet som kan vedta fråsegn på vegner av fylkeskommunen, jf. pkt. 6 i Reglement for folkevalde organ og delegering.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Framlegga til endringar i fagskulelova og fagskule forskrifta vil på føra fagskulane ei mindre auke i kostnadane knytt til gjennomføring av krava til politiattest.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

#### Konklusjon

Fylkesutvalet støttar forslag til endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning, - med dei tilrådingane som går fram av saksframlegget. Det vert sendt ei høringsfråsegn frå Vestland fylkeskommune til Kunnskapsdepartementet basert på vedtaka i saka.